



DNB Eiendom, Knarvik
Pb 85
5902 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1689 - 16/20019

Saksbehandlar:
Kjartan Nyhammar
kjartan.nyhammer@lindas.kommune.no

Dato:
13.07.2016

Landbrukssak - Gbnr 43/2 Natås - Søknad om konsesjon

Syner til dykkar søknad om konsesjon motteke 24.mai 2016.

Saka gjeld :

Tor Erik Aven og Hilde Bergum søker konsesjon for kjøp av gbnr 43/2 Natås i Lindås kommune. Ekteparet har planar om å busetta seg på eigedomen, oppgradere bygningsmassen, ha hest og villsau og skjøtta jordbruksarealet og skogen på eigedomen. Kjøpesummen er kr 3 300 000,-

Eigedomen :

Ifølgje NIBIO sitt gardskart så er eigedomen på totalt 708 dekar. Av dette er 21 dekar full- og overflatedyrka mark, 45 dekar innmarksbeite, 459 dekar produktiv skog, 184 dekar uproduktiv skog, anna utmark og tunskipnad. Bygningsmassen på garden består av våningshus, driftsbygning og naust. Bygningsmassen er av middels god kvalitet.

Lovverk :

Då eigedomen er over 100 dekar krevs det konsesjon for å kunne kjøpa eigedomen utanfor næraste familie. Saka skal såleis handsamast etter konsesjonslova. Då eigedomen er ein landbrukseigedom skal saka vurderast i høve til §1 og 9 i konsesjonslova.

Konsesjonslova har til føremål å regulera og kontrollera omsetjinga av fast eiendom for å oppnå eit effektivt vern om landbruket sine produksjonsareal og slike eigar- og bruksforhold som er mest gagnlege for samfunnet, m.a. for å tilgodesjå framtidige generasjoners behov, landbruksnæringa, behovet for utbyggingsgrunn, omsynet til miljøet, allmenne naturvern- og friluftinteresser og omsynet til busetting.

Ved avgjersle av søknad om konsesjon for kjøp av landbrukseigedom skal det leggjast særlig vekt på:

- om den avtalte prisen er i tråd med ei samfunnsmessig forsvarleg prisutvikling,



- om kjøpar sitt formål vil ivareta omsynet til busetting i området
- om kjøpet innebær ei driftsmessig god løysing
- om kjøpar er skikka til å driva eigedomen

Saksutgreiing :

Det er ikkje lengre priskontroll på eigedomar der kjøpesummen er under kr 3 500 000 jfr rundskriv M-2/2016 frå Landbruks- og matdepartementet.

Søklarane har planar om å busetta seg på eigedomen og vil såleis opprettahalda busettinga i bygda. Det er i utgangspunktet ikkje buplikt på eigedomen då summen av full- og overflatedyrka mark er under 25 dekar.

Søklarane opplyser at dei sjølv vil ta hand om drifta av garden og såleis stettar driveplikta av jordbruksarealet. Det er positivt med nye produsentar som opprettheld eit produsentmiljø.

Hilde Bergum har lang erfaring med hestehald og sauehald. Tor Erik Aven har noko erfaring med gardsarbeid. Ekteparet skal såleis ha eit godt utgangspunkt for å starte opp med gardsdrifta. Det kan anbefalast å knyta kontakter innan hestemiljøet og Lindås- og Meland Sau og Geit. Prosjektet «Glade bønder» arrangerer ulike kurs, har heimeside m.m.

Konklusjon :

Tor Erik Aven og Hilde Bergum får konsesjon for kjøp av gbnr 43/2 Natås i Lindås kommune.

Vedtak :

Tor Erik Aven og Hilde Bergum får konsesjon for kjøp av gbnr 43/2 Natås i Lindås kommune. Kjøpesummen er kr 3 300 000. Vedtaket har heimel i §§1 og 9 i konsesjonslova.

Vedtaket er eit enkeltvedtak som kan påklagast innan 3 veker jfr forvaltningslova §§ 28 og 29. Klagen vert å senda kommunen.

Det vert sendt faktura for sakshandsamingsgebyr på kr 5000 jfr gjeldande gebyrregulativ for Lindås kommune.

Med helsing

Kjartan Nyhammar
landbrukssjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Tor Erik Aven og Hilde Bergum

Hopsvågen 93

5953

FONNES

Mottakarar:

DNB Eiendom, Knarvik

Pb 85

5902

ISDALSTØ